



Representantskapet 25.05.2016:

Representantskapssak 15/16

SAK 1/16 Geodatasamarbeidet i Midt-Gudbrandsdal 2015 – Årsmelding



# ÅRSMELDING GEODATASAMARBEIDET I MIDT- GUDBRANDSDAL 2015



---

## Innhold

<a href="#"><u>1.1</u></a>	<a href="#"><u>Organisering</u></a>	3
<a href="#"><u>1.1.1</u></a>	<a href="#"><u>Fagråd og koordineringsgruppe</u></a>	3
<a href="#"><u>1.1.2</u></a>	<a href="#"><u>Fordeling økonomi</u></a>	3
<a href="#"><u>1.1.3</u></a>	<a href="#"><u>Personell</u></a>	3
<a href="#"><u>1.2</u></a>	<a href="#"><u>Arbeid i 2014</u></a>	4
<a href="#"><u>1.2.1</u></a>	<a href="#"><u>Adresseringsarbeidet</u></a>	4
<a href="#"><u>1.2.2</u></a>	<a href="#"><u>Plansatsingsprosjektet i Oppland og Hedmark. PlanInnsyn med plandialog</u></a>	4
<a href="#"><u>1.2.3</u></a>	<a href="#"><u>Web3, kommunekart på Internett</u></a>	4
<a href="#"><u>1.2.4</u></a>	<a href="#"><u>FME og QGIS</u></a>	4
<a href="#"><u>1.2.5</u></a>	<a href="#"><u>Øvrig drift</u></a>	5
<a href="#"><u>1.3</u></a>	<a href="#"><u>Vedlikehaldskostnader</u></a>	5
<a href="#"><u>1.4</u></a>	<a href="#"><u>Samarbeid med andre interkommunale ordningar.</u></a>	5
<a href="#"><u>1.5</u></a>	<a href="#"><u>Brukantar</u></a>	5
<a href="#"><u>1.6</u></a>	<a href="#"><u>Faggrupper</u></a>	6
<a href="#"><u>1.7</u></a>	<a href="#"><u>Kurs</u></a>	6

## Organisering

Geodatasamarbeidet sitt høgaste organ er representantskapet for kommunane Ringebu, Sør- og Nord-Fron.

### Fagråd og koordineringsgruppe

Det er etablert eit fagråd med følgjande medlemmar:

Jon Helge Silli og Fridtjov Valde Janson, Ringebu kommune

Konrad Trettengen, Sør-Fron kommune

Svein Jetlund, Nord-Fron kommune

Det er også etablert ei koordineringsgruppe med følgjande medlemmar:

Ringebu kommune: Jostein Gårderløkken, Jon Helge Silli og Fridtjov Valde Jansson

Sør-Fron kommune: Konrad Trettengen og Åsmund Sønsteli

Nord-Fron kommune: Egil Tofte, Gøran Randstad og Svein Jetlund

Koordineringsgruppa har hatt tre møter i 2015.

### Fordeling økonomi

Sidan starten på samarbeidet i 2004/2005 har det vore arbeidd etter ei fordeling av kostnader som er basert på at halvparten av dei samla kostnadane er fordelt likt, medan den andre halvparten er fordelt etter folketal (sist justert pr. 01.01.2009). Ein har ei slik fordeling:

Ringebu	33.5%
Sør-Fron	28.4%
Nord-Fron	38.1%

### Personell

Nord-Fron er arbeidsgivar i samarbeidet. Stillinga skal gjennom samarbeidet dekke oppgåver for alle tre kommunar og ha kontorpllassering etter behov.

Stillingsressurs for samarbeidet for 2015 har vore 80 %, men med 100 % stillingsheimel. Svein Jetlund er tilsett som GIS-koordinator i 100 %. Han har 20 % permisjon. Fram til juni 2015 var han utleid i 20 % stilling til Ringebu kommune i samband med reguleringsplan for E6. Auken av stillingsheimelen frå 60 til 100 % sjåast fortsatt som riktig, sjølv om den ikkje blei fylt heilt i 2015. Det er stort etterslep på oppgåver som må løysast. Dette gjeld m.a. Plandialog, kompetanseheving, strukturering og rydding på filserver og diverse tilrettelegging av data. Det er også ønskjeleg å få gjennomført ei politikaropplæring (kommunestyre/planutval) i tema kommunale kartdata og kart på Internett.

Det er ønskjeleg at det blir utarbeidd handlingsplan og styringsdokument med konkrete mål for arbeidet framover. Tilsvarande andre samarbeid har gode erfaringar med dette. I 2015 kom det på plass ny avtale om samarbeidet. Det er eit mål for 2016 å få utarbeida handlingsplan.

# Arbeid i 2015

## Adresseringsarbeidet

Arbeidet med etablering av offisielle adresser er eit arbeid som i all hovudsak blir gjennomført kommunevis og er nå over i driftsfasa. Dette er eit særskilt viktig arbeid som er gjennomført og som har stor nytte i effektivisering av forvaltninga. Adresseregisteret blir nytta av t.d. naudetatar, opplysningstenester, renovasjon og i uthenting av kommunal statistikk.

## Plansatingsprosjektet i Oppland og Hedmark. PlanInnsyn med plandialog

Alle tre kommunane har så godt som alle reguleringsplanane i digital form og tilgjengelege for publikum på Internett. Det er relativt ressurskrevne å halde planbasene oppdatert. GIS-koordinatoren har stått for ajourhald av planbasene til Ringebu og Nord-Fron. Sør-Fron har kompetanse i eigen organisasjon. Dette er ei prioritert arbeidsoppgåve i samarbeidet.

Planinnsyn er ein webportal der saksbehandlarar og publikum kan hente informasjon om planane ved at ein får innsyn i plankartet og planregisteret. Løysinga kan integrerast med kommunane sitt sak-/arkivsystem gjennom Plandialog. Plandialog er foreløpig ikkje på plass i kommunane.

## WebInnsyn, kommunale kart på Internett

Samarbeidet nyttar GISLINE-Web3 og Kommunekart.com for publisering av kommunale kartdata. Dette er Norkart sine løysningar for kommunale kart på Internett. Kommunane kan her presentere kommunale data, arealplaner og eigne temadata, som t.d. plandata og friluftslivsruter. Samarbeidet prioriterer å ha oppdaterte kart på Internett. I 2015 blei det investert i kommunekartadministrator for betre å kunne administrere og spesialsy kartportalen Kommunekart (Internett og app).

## Oppmålingsforretning felt og VA felt

I 2015 kjøpte samarbeidet lisens til Oppmålingsforretning felt og VA-felt.

Oppmålingsforretning felt effektiviserar oppmålingsforretninga ved m.a. å kople sakssystemet med kartsystemet og at protokollen kan underteiknast ute i felt på lesebrett.

VA-felt gir tilgang til VA data ute i felt vha lesebrett/mobiltelefon. Systemet blir nytta av VA-avdelingane i dei tre kommunane.

## FME og QGIS

FME er ei programvare spesiellaga for geografiske analyser. Systemet les så godt som alle dataformat. Dette gjer det enkelt å konvertere data frå eit format til eit anna for bruk i ulike verkty. Med FME kan data frå ulike datakjelder koplast og analyserast. Det ligg særskilt mykje informasjon i datasetta FKB-data (kartdata som bygningar, vegar, adresser o.l.), Matrikkelen (eigarinformasjon), KOMTEK (kommunalteknikk og gebyr), folkeregisterdata og nasjonale temadata (t.d skredsoner, miljøverdier og kulturminner). Ved å kople desse kan ein hente ut mykje kunnskap som kommunane kan ha nytte av. Døme på enkle analyser kan vere; kvar bur skuleungane, kven er hytteeigarane (alder, bustad mm), kor mange bur i aktsemdområde for skred eller kor mange bolighus står tome utan fast busetnad.

QGIS er det mest nytta open source GIS-programvara i verda. Programvara er særskilt brukarvenleg og er eit godt alternativ til GISLINE i ein del samanhengar. Særleg er den godt egna til produksjon av temakart, der GISLINE sine

teiknereglar ofte er for rigide. Samarbeidet har delvis tatt i bruk QGIS, m.a. til temakart til kommuneplanens arealdel.

## Gisline Analyse

På oppdrag frå Geodatasamarbeidet i Midt-Gudbrandsdal, GIS på Hedemarken (GIS-samarbeidet i Hamar, Løten, Stange og Ringsaker), NØGIS (GIS-samarbeidet i Nord-Østerdal) og Kartverket har Norkart utvikla ei analyseplattform for temadata. Dette er i første omgang tenkt brukt for kommunal sakshandsaming ved at t.d. byggesakshandsamarane på ein enkel måte kan få oversikt over temadata knytt til ein byggesak (miljøverdiar, kulturminne, flaum- og skredfare, støy mm). Systemet blir sett i drift i løpet av sommaren 2016.

## Samarbeid med andre interkommunale ordningar.

Midt-Gudbrandsdal brannvesen og Midt-Gudbrandsdal renovasjonsselskap er brukarar av løysninga som driftast av geodatasamarbeidet, spesielt KOMTEK. MGB nytter systema i si daglege drift. MGR har i 2015 gjort ein stor jobb for å ta i bruk funksjonaliteten som ligg i KOMTEK. Våren 2016 blei m.a. appen «Min renovasjon» tatt i bruk.

## Øvrig drift

Serverparken til samarbeidet har vore utdatert i mange år og ny server blei sett i drift i februar 2015. Det har så langt som råd vore gjennomført fortløpande oppgradering av GISLINE - og KOMTEK-programvaren.

Når det gjeld den daglege drifta av programsistema, servrarar osv., har dette stort sett gått greitt i 2015. Serverane er plassert hos og drifta av IKT-avdelinga i Nord-Fron. Samarbeidet om dette fungerer godt.

## Vedlikehaldskostnader

Grunnlaget for vedlikehaldskostnadane for programsistema samarbeidet nyttar blir justert årleg etter konsumprisindeksen. For samarbeid er det framleis ei rabattert ordning for vedlikehaldskostnadane. Ved kjøp av ein programlisens er denne til fri bruk i heile organisasjonen og ikkje pr. brukar slik ein hadde tidlegare. Evt. programkjøp i løpet av året vil også kunne påverke vedlikehaldskostnadane avhengig av kva tid på året innkjøpet er gjennomført.

Lisenskostnadane omfattar alle brukarar av sistema, inkl. brukarar frå andre interkommunale ordningar som MGL, MGB og MGR. Jf representantskapsmøtet 28. okt. 2015 skal direktekostnader for MGR og MGB førast på desse. Dette blir innarbeida for 2016.

Utgiftene er lagt inn i rekneskapet, og Nord-Fron har fakturert Ringebu og Sør-Fron for sin del, sjå egen sak om rekneskap.

Vedlikehaldskostnadene til GISLINE og KOMTEK fordelar seg slik:

Vedlikehald GISLINE	665 435
Vedlikehald KOMTEK	180 633

## Brukarar

Tal brukarar på systemet i dag er om lag 130. Dette er på same nivå som tidlegare. Mange av innsynsbrukarane (dei som ikkje gjer endringar i kartdata) har gått over til å bruke web-klienten i staden for GISLINE. Det er eit mål at flest mogleg skal nytte denne slik at ein frigjer kapasitet på kartserverane til dei som har bruk for utvida funksjonalitet.

## **Faggrupper**

Hausten 2012 vart det tatt initiativ for å starte opp att dei ulike faggruppene i samarbeidet. Ein snakkar da om grupper innafor landbruk, vatn- og avlaup, matrikkel, kommunale avgifter osv. Faggruppene er meint å vere ein treffstad for personar som i hovudsak har same arbeidsoppgåver i dei tre kommunane og er særleg nytig med tanke på erfaringsutveksling.

Pr. i dag har plangruppa, matrikkelgruppa og KOMTEK-gruppa jamnlege møter. Landbruk blir starta opp i løpet av våren 2015, men har ikkje hatt fleir møter etter dette. Det er ønskjeleg med ei gruppe innan fagområde VVA. I tillegg bør det vurderast ei gruppe innan beredskap. Det er svært viktig for utviklinga av samarbeidet at desse gruppene er i gang og kan kome med innspel for vidare arbeid framover.

## **Kurs**

Hausten 2015 blei det gjennomført kurs i GISLINE for arealplanleggarane. Det har også vore deltakarar på brukarmøte både for GISLINE - og KOMTEK-systema.

Det var eit mål for 2016 at det skal gjennomførast interne kurs/arbeidsmøte.

*Vinstra 9. mai 2016*

*Svein Jetlund  
Geodatasamarbeidet  
i Midt-Gudbrandsdal*

## **Representantskapet 25.05.2016:**

### **Representantskapssak 16/16**

#### **Sak 2/16 Geodatasamarbeidet i Midt-Gudbrandsdal 2015 – Rekneskap**

Trykte vedlegg:

Revisjonsberetning for Nord-Fron kommune

##### **Bakgrunn for saka:**

Geodatasamarbeidet i Midt-Gudbrandsdal er ei interkommunal ordning som har eksistert sidan 2005.

Nord-Fron er vertskommune og administrasjonssjefen er administrativ leiar for ordninga.

Samarbeidskommunane er ansvarlege for økonomisk tilskot til ordninga. Kostnadsfordelinga som har vore brukt sidan starten på samarbeidet i 2005 baserer seg på at halvparten blir fordelt likt, medan andre halvparten blir fordelt etter folketal (justert pr. 01.01.2009). Ein har da ei slik fordeling av kostnadane:

Nord-Fron	38.1%
Ringebu	33.5%
Sør-Fron	28.4%

##### **Geodatasamarbeidet 2015 – nettokostnader pr kommune:**

	SUM	Ringebu	Sør-Fron	Nord-Fron
Lønnskostnader	537 086	179 924	152 532	204 630
Abonnement	360	121	102	137
Mat og servering	3 183	1 066	904	1 213
Telefon	3 528	1 182	1 002	1 344
Kursutgifter	56 670	18 984	16 094	21 591
Skyss og kostutgifter	10 878	3 644	3 089	4 145
Husleige og adm Nord-Fron kommune	36 000	12 060	10 224	13 716
IKT-utstyr	5 331	1 786	1 514	2 031
Vedlikehald GisLine	665 435	222 921	188 984	253 531
Vedlikehald Komtek	180 633	60 512	51 300	68 821
Vedlikehald andre	19 713	6 604	5 598	7 511
UMS-varsling Ringebu	33 450	33 450		
Konsulenttenester	93 500	31 323	26 554	35 624
Investeringar	208 350	69 797	59 171	79 381
<b>Sum</b>	<b>1 854 117</b>	<b>621 129</b>	<b>526 569</b>	<b>706 419</b>
Tilsvarande kostnader 2014	1 210 698	427 223	334 597	448 878
Tilsvarande kostnader 2013	1 308 912	464 400	356 479	488 033

##### **Kommentarar til utgifter for 2015:**

Utgiftene er totalt ein del høgare enn i 2014. I all hovudsak skuldast dette auka lønnskostnader (i 2014 var det lønnsutgifter berre frå august og ut året), auka kurs- og konsulentkostnader og at det i dei siste åra ikkje har vore gjort større investeringar.

**Rådmannsleiinga si vurdering:**

Geodatasamarbeidet sin rekneskap integrert i Nord-Fron kommune sin rekneskap. Nord-Fron kommune sin rekneskap vart godkjent av kommunestyret i Nord-Fron kommune i møte 26.04.2016.

Administrasjonssjefen legg saka fram for representantskapet for Geodatasamarbeidet i Midt-Gudbrandsdal med slik innstilling:

**INNSTILLING:**

Representantskapet for Geodatasamarbeidet i Midt-Gudbrandsdal viser til at rekneskap for samarbeidet er godkjend av kommunestyret i Nord-Fron kommune i møte 26.04.2016 med slik fordeling av kostnadane:  
Ringebu kommune kr. 621.129, Sør-Fron kommune kr. 526.569 og Nord-Fron kommune 706.419.



## Innlandet Revisjon IKS

Til kommunestyret i Nord-Fron kommune

Kopi:  
Kontrollutvalget  
Formannskapet  
Administrasjonsjefen  
Kommunalsjef Tom Nøvik  
Avd. leder pers./øk. Torild S. Weikle

### REVISORS BERETNING

#### Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Nord-Fron kommune som viser kr 357.173.440,- til fordeling drift og et regnskapsmessig mindreforbruk på kr 8.903.705,-. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2015, driftsregnskap, investeringsregnskap og økonomiske oversikter for regnskapsåret avsluttet per denne dato, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

#### *Administrasjonssjefens ansvar for årsregnskapet*

Administrasjonssjefen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

#### *Revisors oppgaver og plikter*

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god communal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunens utarbeidelse av et årsregnskap som gir en dekkende fremstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av kommunens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Hovedkontor:	Avdeling Gjøvik:	Firma:
Postadr.: Postboks 988 2626 Lillehammer Tlf 61289080 Faks 61289081 E-post: postmottak@irev.no	Studievegen 7 2815 Gjøvik Tlf. 61130350 Faks 61130360	www.irev.no Besøksadresse: Kirkeg. 76 2609 Lillehammer Org. nr. 987769386MVA Bank 16041146927

Dokument: F:\Regnskapsrevisjon\Kommune oppdrag\0516 Nord-Fron\2015\6. Korrespondanse\Årsregnskapet\Revisors beretning NF 2015.doc

## *Konklusjon*

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Nord-Fron kommune per 31. desember 2015, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoens i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

## **Uttalelser om øvrige forhold**

### *Konklusjon om budsjett*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at de disposisjoner som ligger til grunn for regnskapet i det alt vesentlige er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpene i årsregnskapet stemmer med regulert budsjett.

### *Konklusjon om årsberetningen*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Lillehammer, 08.04.16

  
Heidi Floor Juliusmoen

Oppdragsansvarlig revisor